

## **Uttalelse - Staten og Den norske kirke – et tydelig skille.**

### **Skåbu sokneråd**

#### **Sak nr 12/14:**

#### **Vedtak**

Skåbu sokneråd vil understreke viktigheita av at kyrkja ikkje blir svekka,- at det blir gjeve økonomi og rammebetingelser til å vera ei landsdekkande folkekyrkje.

Som eit lite sokn er vi og oppteke av at sokna og preste-tettheita blir oppretthalde på dagens nivå, og at kyrkja sitt lokale arbeid styrkes.

### **Kvam sokneråd**

#### **Sak nr 14/14**

#### **VEDTAK:**

Kvam Sokneråd er samde i hovudlinene i høyringsnotatet ”Staten og Den norske kyrkje - eit tydelig skille”. For oss er det viktig at Grunnlova held fast på at Den norsk kyrkja held fram med å vere ei folkekyrkje og at dette ikkje blir svekka ved dei historiske endringane vi står framfor.

Finansieringa må oppretthaldast i regi av stat og kommune, og prestatettleiken må vere som på dagens nivå.

### **Kvikne sokneråd**

#### **Sak 28/14**

#### **Vedtak**

Kvikne sokneråd har handsama høyringsnotatet: *Staten og Den norske kirke – et tydelig skille* og vil gi følgjande innspel:

Støtter forslaget om at sokna si rettslege, sjølvstendige stilling vidareførast og at sokna og fellerådet ikkje er underlagt alminneleg organisasjons- og instruksjonsmyndighet frå andre.

Kvart sokn skal vera betent av prest, prosti av prost og bispedømme av biskop.

Kommunane skal, som i dag, ha det økonomiske ansvaret for den lokale kyrkja sin økonomi.

Det er naturleg ved eit skilje mellom stat og kyrkje at arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette følgjer med. Prestane si teneste vil vera den same før og etter verksemdsoverdraginga.

Støtter oppretting av klagenemnd for kyrkja.

Den økonomisk stønaden til kyrkja blir gitt som rammetilskot og kyrkja disponerer sjølv eigen økonomi ut i frå tildelte midlar. Det er viktig å oppretthalde økonomien i drifta på minst nåverande nivå og at stønaden blir kostnadsjustert.

Sørdorp Sokneråd er enige i hovedlinjene i høyringsnotatet ”Staten og Den norske kyrkje - eit tydelig skille”.

Soknerådet mener ellers at finansieringa må skje i regi av stat og kommune, og at prestatetthet må vere som på dagens nivå.

## **Sørdorp sokneråd**

### **Sak 31/14**

#### **Vedtak**

Sørdorp Sokneråd er enige i hovudlinjene i høringsnotatet "Staten og Den norske kyrkje - eit tydelig skille".

Soknerådet meiner elles at finansieringa må skje i regi av stat og kommune, og at prestatetthet må være som på dagens nivå.

## **Nord-Fron kyrkjelege fellesråd**

### **Sak 15/14**

#### **VEDTAK**

Kyrkjeleg fellesråd står som arbeidsgjevar for dei kyrkjelege tilsette med unntak av prestane. Nord-Fron kyrkjelege fellesråd meiner at det ikkje er relevant å uttala seg om dei juridiske spørsmåla rundt arbeidsforholda angående prestestillingane, men at prestatettleiken må vera som på dagens nivå.

Fellesrådet støtter hovudlinjene i høringsnotatet, men det er viktig at Grunlova held fast på at DNK held fram med å vera ei folkekyrkje og at det ikkje blir svekka av dei historiske endringane ein står fram for.

Fellesrådet ser det som relevant at ei ny kyrkjeordning også belyse forholdet mellom rådsstruktur og embetsstruktur.

Arbeid med ny kyrkjeordning bør belyse dette i større grad sia dette er relatert til arbeidsplassane i den lokale kyrkja. Finansieringa må oppretthaldast i regi av stat og kommune.